

**Fra:** David Johannes Aasen Sandved (David.Johannes.Aasen.Sandved@vlfk.no)

**Sendt:** 07.04.2020 09:02:15

**Til:** Eva Moberg

**Kopi:**

**Emne:** VS: Oppdatering frå Kraftmuseet

**Vedlegg:**

---

**Fra:** Knut Markhus <[knut@kraftmuseet.no](mailto:knut@kraftmuseet.no)>

**Sendt:** torsdag 26. mars 2020 09:31

**Til:** David J Aasen Sandved <[David.J.Aasen.Sandved@vlfk.no](mailto:David.J.Aasen.Sandved@vlfk.no)>; Eva Moberg <[Eva.Moberg@vlfk.no](mailto:Eva.Moberg@vlfk.no)>; Per Morten Ekerhovd <[Per.Morten.Ekerhovd@vlfk.no](mailto:Per.Morten.Ekerhovd@vlfk.no)>

**Emne:** Oppdatering frå Kraftmuseet

Hei, her er ei oppdatering på korleis me i Kraftmuseet taklar korona-situasjonen. Frå og med 13. mars har alle tilsette i museet hatt pålagt heimekontor, bortsett frå tre tilsette i bygg- og anleggsavdelinga som jobbar tilnærma som normalt, trygt innafor dei retningslinjene Folkehelseinstituttet har sett. Museet vart også stengt for publikum frå denne dagen.

Me er svært opptekne av å halda oppe pulsen i museet, og levera på samfunnsoppdraget vårt. Det er ein imponerende innsats frå alle i museet. Enkelte har ekstraoppgåver med heimeverande born, og meldinga frå leiinga er tydeleg på at familie og helse skal gå framfor museet. Mange kompenserer likevel med å jobba kveld/helg, når dei ikkje får gjort alt dei har planlagt innafor normal arbeidstid. Det er ein sterk entusiasme i leiren vår.

Teams er gull verd i situasjonen, og me møtest framfor skjermene svært ofte. Me prioriterer digitalt formidlingsarbeid, og legg ut saker jamt og trutt i sosiale medium, både i hovudkanalane til Kraftmuseet og til KraftLaben. Det føregår mykje samlingsarbeid, til dømes inn mot Digitaltmuseum og Primus. Me har i eit par veker no drive med dokumentasjonsarbeid knytt til korona-situasjonen: dokumentasjonsfotografering i Odda/Tyssedal, samling av stoff i media, etc. Dette held me sjølvstilt fram med. Me jobbar òg etter opphavleg tidsskjema med to utstillingar som begge er planlagt opna ved starten av sommarsesongen. Utstillinga «Norsk vasskraft» i kraftstasjonen, og utstillinga «På veg» med foto av Knud Knudsen kombinert med moderne skulpturelle arbeid, denne i Lindehuset. Me har gjort avtalar slik at me kan skubba på utstillingsperioden, om det vert nødvendig.

Kanskje de har registrert at me lyser etter sommarvikarar, noko som kan synast underleg i noverande situasjon. Vår tanke med dette, er at me skal vera klar med godt og fullverdig tilbod straks restriksjonane vert så reduserte at me kan ta i mot besøkande. Det kan òg vera aktuelt å ha opplegg som er meir krevjande enn normalt, til dømes omvisingar for grupper på maks fem, eigne familieopplegg etc. Ei slik offensiv tenking må sjølvstilt måtast til med totaløkonomien i museet, som er ramma av situasjonen. Me har skubba på søknadsfristen for sommarvikarar, og vil venta så lenge som råd med tilsettingar - og leggja inn nokre atterhald når me tilset.

Kraftmuseet har ein høg del offentleg finansiering, sjølv om delen eigeninntekter har auka i det siste. Av eigeninntektene er billettsal viktig, men me har òg viktige inntekter i til dømes dokumentasjons- og arkivararbeid – og slikt arbeid greier me nokolunde å halda tritt med, om ikkje situasjonen varer altfor lenge. Me kjem nok ikkje til å greia å få same besøkstal som i 2019, men vil jobba hardt for å få det best mogleg. Me hadde ein flyging start på 2020 med eit stort tal skuleklassar som var med i skulesekkopplegget «Demokrati på prøve». Slikt hjelper.

Situasjonen er alvorleg, men per no er ikkje permitteringar aktuelt. Me meiner det er sakleg grunnlag for å støtta seg til det som står på det vidgjetne skiltet på Smelteverkstomta: «Alt kjem til å bli bra».





Beste helsing

**Knut Markhus**

Direktør

Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum  
Naustbakken 7  
5770 TYSSDAL  
Tel: [93225243](tel:93225243)

<http://www.kraftmuseet.no>